

Hansa's arkiver til Byarkivet

Byarkivet har som uttalt målsetting å ta vare på arkiv etter historisk viktig verksemd i Bergen. Når det gjeld bedrifter har Byarkivet i dag tatt hand om dei eldre arkiva etter fleire av dei mest kjente verksemdene. Både BMV/Solheimsviken, Stoltz-Røthing, Arna Fabrikker, og Salhus Tricotagefabrikk er eksempler på dette. Ei stor bedrift har imidlertid mangla i dette selskapet, nemlig Hansa. Det er imidlertid med stor glede vi no kan meddele at Hansa sine eldre arkiver no blir tatt hand om av byarkivet.

Byarkivar Arne Skivenes har i fleire år prøvd å få istand ein avtale om dette. Bryggeriet sine lokale leiarar, representert ved Tore L. Olsen og Erik Hjort, har heile tida sett på dette som interessant, men har ikkje makta å få dei utanbys eigarane med på dette. Dette har no lykkast. Dvs at A/S Hansa Bryggeri har betalt 150 000 kroner til Lokalhistorisk Arkiv i Bergen, for å samle inn, systematisere, katalogisere og oppbevare det eldre materialet etter bryggeriet. Arbeidet blir leia av arkivar Terje Haram og skal vere avslutta innan utgangen av 1997.

Grunnlaget for A/S Hansa Bryggeri var Lars Semb sitt bryggeri ved Starefossbekken på Kalfaret, som blei grunnlagt i 1849. På den tida var det 36 småbryggeri i drift i Bergen. Lars Semb sitt bryggeri blei i 1855 solgt til Boghandler Fredrik Beyer og hans svoger Hans Isdahl. Det fekk no namnet Det Sembske Bryggeri. Etter Hans Isdahl's død ble bryggeriet lagt ut for salg. I 1891 ble det nye A/S Hansa Bryggeri stiftet, med den 23 år gamle Waldemar Platou som initiativtaker. Andre aksjonærar var Edw. C. Mowinckel, Hans Isdahl's sønn; Frants Isdahl, og Bonnevie Angell. Aksjekapitalen var på 300 000 kroner. Det første ølet med namnet Hansa blei dermed sendt ut på marknaden i 1892.

Av dokumentasjon frå tida før 1891 er det nesten ingenting som er bevart. Når det gjeld tida 1891 - 1930 er det meste bevart, men arkivet var langt mindre spesifisert enn det vi ser dagens arkiv er. Materialet frå 1930 til i dag er rikeleg, og utgjer det aller meste av dei ca. 500 hyllemeterne som i denne omgang vil bli overført til byarkivet.

Arkivet inneheld bl.a. all korrespondanse frå 1930 til 1987. Videre lister over alle leverandører, lønnsutbetalinger, samla omsetting frå år til år, og innkjøp av varer.

Med dette vil ein av Bergens viktigaste skriftlege kulturhistoriske skattar bli plasserte der dei bør plasserast: hos Bergen Byarkiv.